**Fire kilometer nordvest for Bergen, tvers over Byfjorden finn du Askøy. Askøy vart landfast i 1992 med den lengste hengebrua i Nord-Europa.**

Four kilometres northwest of Bergen, on the other side of Byfjord, lies the island of Askøy, joined to the mainland in 1992 by northern Europe's longest suspension bridge.




Askøy kommune er den største landkommunen i Hordaland, med 19.000 innbyggjarar. Kleppestø er administrasjonssentret i kommunen. Øya har namn etter garden Ask, som i sin tur fekk namn etter treslaget ask. Kommunevåpenet føresteller eit asketre som står på ei øy eller kolle med sjø framføre.

With 19,000 inhabitants, Askøy is the most populous rural district in Hordaland. Kleppestø is the administrative centre of the island, which takes its name from a farm called Ask, meaning ash tree. Askøy's coat of arms depicts an ash tree standing on an island or hilltop, with the sea in the foreground.



*Strusshamn.*



*Åsebø*

**Avstander/Distances:**

| | |
|---|---|
| Bergen sentrum-Askøybroen | |
| Askøybroen-Kleppestø | |
| Kleppestø-Florvåg | 2,3 km |
| Florvåg-Ask | 8 km |
| Ask-Åsebø | 6,5 km |
| Åsebø-Herdla | 16,5 km |
| Herdla-Askøybroen | 28 km |
| **Avstikkarar:** | |
| Ravnanger-Ramsøy | 9,4 km |
| Strusshamn-Hetlevik | 5,5 km |

## Reiserute

Frå Bergen sentrum vestover, over Puddefjordsbroen. Følg Rv555 merka Sotra. Etter ca. 5 km ta inn på Rv. 562 merka Askøy. Videre over Askøybroen. (**Merk**: Askøybroen er bompengebru. Avgift, for tida kr. 100,- for personbilar, blir betalt på returen).
Like over Askøybroen tar vi til høgre på Rv. 563, merka Kleppestø.
Frå Kleppestø vidare på RV563 på austsida av Askøy. Forbi Florvåg og Ask.
Ved Åsebø møter vi Rv562 og følgjer denne til høgre nordover til Herdla.
Retur frå Herdla på Rv562. Hugs bompengar etter Askøybroen.

Ta gjerne nokre «avstikkarar» frå denne ruta, dersom tida tillet det. Vi nemner særskilt ein tur frå Ravnanger vestover forbi Kollevåg, Hanøytangen til Ramsøy. Vidare, lenger sør, til Strusshamn, Follese og Hetlevik.

## Route

Head west from Bergen city centre, crossing Puddefjord bridge. Follow signs for Sotra on Rv555. After about 5km, turn off on Rv562 at the sign for Askøy, crossing the Askøy Bridge.
(**Note**: The Askøy Bridge is a toll bridge. The toll, currently NOK 100 for a car, is payable on the return crossing.)

Immediately after the bridge, turn right on Rv563. Follow signs for Kleppestø, then continue up the east side of the island, passing Florvåg and Ask. At Åsebø, where the road rejoins Rv562, turn right and head north to Herdla. Return via Rv562, not forgetting the toll at the Askøy Bridge!

*Time permitting, feel free to make some detours from this route. We particularly recommend a drive west from Ravnanger via Kollevåg and Hanøytangen to Ramsøy or, further south, the road to Strusshamn, Follese and Hetlevik*

## Stader og ymse av interesse:

**1. Askøybroen** sto ferdig i 1992 og er med sine 1250 meter den lengste hengebrua i Nord-Europa. Bompengar på returen.

**2. Kleppestø** er kommunesentret. Her ligg kommuneadministrasjonen, kjøpesentre, bensinstasjonar, post og bankar. Hurtigbåt og bussterminal.

**3. Florvåg** er ein tettstad med helsesenter, skular, butikkar og båthamn. I Bakervågen ligg Sjøhuset, ein restaurant i maritim stil. Båthamn med gjestebrygge, dusj og myntvaskeri.

**4.** På **Erdal** ragar to svære radiomaster som landemerke i landskapet; den tidlegare «Askøy-sendaren» som har unike teletekniske samlingar.

**5 - 6.** På **Hop** (5) og **Ask** (6) er det godt bevarte gravhaugar frå vikingtida (600-800 e.Kr.). Ask er ein av dei eldste gardane på Askøya; kjend sidan 600-talet. Under rikssamlinga vart Ask ein av kongsgardane som Harald Hårfagre la under seg.
Her er og minne frå nyare tid, med store herskapshus, tidlegare sommarbustader for rike bergenske kjøpmenn. Ask er og vide kjent for sine spesielle jordbær, «Askebær», og i dei mange jordbæråkrane er det mogelegheiter for sjølvplukk i sesongen.

**7 - 8.** I området rundt **Hanevik** (7) og **Åsebø** (8) er det rike mogelegheiter for både sjø-, innlandsfiske og bading.

**9.** Lengst i nord ligg øya **Herdla,** ei naturperle i seg sjølv, knytt til Askøy med bru. Tallrike fornfunn viser at busetnaden på Herdla går attende til forhistorisk tid, og storgarden på Herdla har hatt ein sentral plass i rikssoga sidan høgmellomalderen. Liksom Ask var Herdla ein del av det jordegodset Harald Hårfagre tok hand om då ha la under seg Vestlandet. Her reiste Eigil Skallagrimson si berømte nidstong, og her ligg vakre Herdla kirke, først reist på 1100-talet.
Under siste verdskrigen bygde tyskarane flyplass for ein jagerskvadron på Herdla. Dette er gjenskapt i Herdla Museum som opna i 1995, vel verdt eit besøk. Herdla med sin natur og historie, er kommunen sitt nye satsingsområde innan reiseliv og turisme.
Vi viser til Fottur 40A for dei som vil utforska meir av denne spesielle naturen.

## Avstikkere:

**10. Kollevåg**, friluftsområde med vakre, kvite sandstrender. Eige strandområde for naturistar.

**11. Hanøytangen.** Her har Kværner etablert verdens største tørrdokk, der understellet til mellom anna Troll oljeplattform vart bygt.

**12. Ramsøy** ligg heilt ytst, midt i Hjeltefjorden mellom Askøy og Sotra. Ramsøy er knytt til Askøy med veg lagt på steinfylling i sjøen; ein attraksjon i seg sjølv. Her er eit godt verna kystfort med kanonstilling, bygt av tyskarane under krigen.

**13. Strusshamn** var tidlegare Askøy sitt kommunesenter. Frå gamalt av kyrkjestad med gjestgiveri, brenneri og mølledrift. Her finn ein i dag Havna, eit unikt havnemiljø under restaurering, som huser museum og brukskunstlag. Den kjente båtprodusenten Viksund Båt held også til i dette området.

**14. Follese** har eit unikt bygdemuseum med «typiske» askøyhus frå 1800-talet. Her er og ein fin badeplass.

## Places of interest and attractions:

**1.** The **Askøy Bridge**, completed in 1992, is northern Europe's longest suspension bridge (1.250m). Toll payable on return crossing.

**2. Kleppestø** is the districts administrative centre, home to council offices, shopping precincts, petrol stations, post office and banks. Fast-ferry terminal and bus station.

**3.** The village of **Florvåg** has a health centre, schools, shops and marina. Sjøhuset at Bakervågen is a restaurant with a nautical flavour. Marina with guest berths, shower facilities and coin-operated laundry.

**4.** At **Erdal**, two massive radio masts dominate the landscape. The former Askøy Radio is now a unique telecommunications museum.

**5-6.** At **Hop (5)** and **Ask (6)** there are well-preserved burial mounds from the Viking era (ad 600-800). Ask, one of the island's oldest farms, was first recorded in the 7th century and incorporated in the crown lands by King Harald Fairhair when he unified Norway.
Large mansions, once the summer residences of wealthy Bergen merchants, are a monument to more recent times. Ask is also famous for its special strawberries, and many farms offer you the chance to pick your own.

**7-8.** The area round **Hanevik (7)** and **Åsebø (8)** has plenty of opportunities for sea and freshwater angling and bathing.

**9. Herdla**, joined to the northern tip of Askøy by a bridge, is a small island of outstanding natural beauty. Various archaeological finds indicate that Herdla was inhabited in prehistoric times, and the island estate played a key role in Norwegian history from the High Middle Ages onwards. Like Ask, Herdla was incorporated in the crown lands by Harald Fairhair when he subjugated Western Norway. According to Old Norse sagas, this is where Eigil Skallagrimson erected a pole in defiance of his enemies. Herdla's historic church dates from the 12th century.
During the Second World War the Germans built an airfield for a fighter squadron. The story is retold at Herdla Museum, opened in 1995 and well worth visiting.
The local authority is focusing on Herdla's nature and history in its tourism strategy. To discover more of this special island, see Walk 40A.

## Detours

**10. Kollevåg**, recreational area with lovely white sandy beaches. Separate area for nude bathing.

**11. Hanøytangen**, site of the world's largest dry-dock, where Kværner built the substructure for the Troll oil platform.

**12. Ramsøy** lies in the middle of Hjeltefjord between Askøy and Sotra and is linked to Askøy by a causeway, itself worth seeing. The island includes a well-preserved coastal fort with gun emplacements, built by the Germans during the war.

**13. Strusshamn**, previously the administrative centre of Askøy, has for centuries been the site of a church, inn, distillery and mill. Havna, a historic waterfront area, is currently being restored and houses a museum and crafts centre. The boat manufacturer Viksund Båt is based here.

**14. Follese** has a folk museum featuring typical 19th-century Askøy homes, and a great bathing spot.


AS Centraltrykkeriet, Bergen